



## Styremøte i Suldal IL

Onsdag 04.09.2024 kl 19:30 (møte nr 3 2024/2025)

Lokasjon: Personalrommet Vinjar Skule

Desse møtte: Geir Kjetil, Jon, Astrid, Ranveig, Kjersti, Hege, Tom, Judith og Haavard.

**Saksliste:**

**Sak 18/24-25 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Godkjent

**Sak 19/24-25 Godkjenning av møteprotokoll frå sist styremøte**

Godkjent

**Sak 20/24-25 Orientering og saker frå leiar v/ Haavard Vaage**

- **3 Punkter som ikkje stemmer mellom Brreg og Klubb admin**
  - **Nynorsk VS Bokmål**
    - Styret vedtar at det er Nynorsk som skal vere gjeldande.
  - **Signatur**
    - Følger fullmaktmatrisa. Punktet er nå ikkje lenger synleg som avvik, leiar sjekkar opp dette vidare.
  - **Kontaktperson**
    - Styret vedtar at kontaktpersonen for Suldal il byttes Frå Helen Moen Gjuvsland til Haavard Vaage
- **Fornya avtale mellom Suldal kommune og Suldal il ang Gullinghuset**
  - Avtalen mellom Suldal kommune og Suldal il er fornya og gjeldande frå juli 2024 til juli 2026 med opsjon på 2 år etter dette.
- **Søkt straumstøtte for 2 kvartal**
  - Søkknadsbeløpet for 2 kvartal er 75Kkr.
- **Medlemskontingent og aktive som ikkje er registrert i klubb admin.**
  - Geir Kjetil sender ut ny påminnelse via Spond. Om ikkje dette hjelper må ein sjå på vidare tiltak.
- **Nettside/medlemsregister/banepanlegger tilbod**
  - Orientering ang eit tilbod på ny nettside m/meir.
- **2 stk Gåvekort til Thomas Bakke og Mathea Vik er kjøpt inn (Ref årsmøte)**
  - Helen har fått overlevert Gåvekorta til desse ihht idrettsprestasjonar 2023
- **Danne komité ang reiseregulativ og ekstra støtte (Ref Årsmøte forslag)**
  - Styret går inn for å danne ein komitè for å gå gjennom reiseregulativet og ekstra støtte. Komitèen vil vere: Tom Gardsteig, Astrid Steinbru Lauvsnes, Kjersti Moe, Kari Havrevoll, Jon Bråtveit og Svein Øystein Berge. Dei kjem med forslag før dette blir framlagt Styret/Årsmøte.
- **Prosjekt 41405 Mosvatnet Lysløype (Lys) på oppløps sida.**
  - Rekneskapet er godkjent av revisor og signert. Sendt fylket og godkjent der.
- **Bruk av Teams/Shearpoint.**
  - Orientering ang bruken og organiseringa.
- **Status Akebakke Gullingen.**



- Orientering ang status på denne. Helen har søkt kommunen om å bygge grillplass og byggeløyve for tiltaket, grillplass utgår i denne omgang. Det vil bli prioritert å lage til bakken.
- **Idrettskonferanse Ryfylke.**
  - Orientering om arrangementet.
- **Forslag om revidert Flagglister for resten av 2024/2025 etter ønske**
  - Leiar lager nytt forslag ettersom det er ønske å ha alle flaggdagane for kvar gruppe etter kvarandre, det blei også vurdert om flagga burde flyttast fra Vinjarheim til Suldal il sitt skap i gymsalen, men avtalen mellom skulen og idrettslaget forhindrar dette pr nå.

## **Sak 21/24-25 Orientering og saker frå Ski gruppa v/ Kjersti Moe**

Styret: Kjersti Moe (leiar), Arvid Laugaland (nestleiar), Kari Havrevoll (skrivar), Olav B. Berge, Marta B. Lunde og Kolbein Kjetilstad

### **Treningar:**

Yngste gruppa: 1.-2.klasse. Starta opp 3.sept.

Mellomgruppa: NYTT frå i haust 3.-5.klasse. Jamnare gruppestorleik. 3.klasse er ikkje så mange. 2.klasse er eit stort kull. 3.+4.klasse blir nye i gruppa. Gruppa kan delast og tilpassingar kan gjerast etter behov. 3 trenarar. Oppstart 3.sept. med rulleski.

Eldste gruppa har starta opp med treningar torsdagar. Går over til treningar tysdag og torsdag seinare i haust. Varierende oppmøte, då det er kollisjon med kampar. «Kjem dei som kan».

Har vore på rulleski fram til no. Seinare i haust: barmark/rulleski på tysdagar (frå 6.kl), styrke inne på torsdagar (frå 5.kl).

Informasjon / Invitasjon sendt ut til alle klassar. Felles informasjon på FB-sida til Suldal IL ski / Suldal IL. Kjersti møter opp og er tilgjengeleg for foreldra på første trening.

Informasjon via Spond. Prøver å få rett ungar inn i rett gruppe.

### **Skirenn som me har delteke på:**

I sommar var Suldal IL vore godt representert på Blinken i Sandnes, Lysebotn Opp og Blink Classic på Ålgård. Også vore representert på løp i distriktet her. Thomas arrangerte Vinjanuten Rundt i juni.

### **Satsing:**

1 løpar: Langløpssating

3 ungdommar på Hovden skigymnas

3-4 turrenn/lengre løp

I tillegg ungdommar 13 år + som deltek på kretsrenn/kretscup og nasjonale renn.

**Skirenn framover:** I starten på desember blir Hovdenrennet arrangert, dette vil me ha som klubbturning. Stor suksess i fjor! Med to overnattingar og sosialt ilag. Utanom dette vil det på nyåret bli Ungdommens Holmenkollrenn for 13-14 år, Hovedlandsrennet 15-16 år og Norgescup renn for 17-20 år, alle desse renna er nasjonalrenn. Ellers vil me delta på kretsrenn og kretscuprenn. Samt ein del andre lokale skirenn osv.

**Skirenn i Suldal:** Suldal IL har satt dato for lysløypekarusellen. Vil høyra om Hjelmeland IL framleis er interessert på arrangør-sida her. Me vil også arrangere Suldalsrennet, og håpar at dette kan bli ein del av kretscupen for Rogaland Agder. Utanom dette vil me stå som arrangør av Hamrabørennet ilag med familien Havrevoll.



## **Sak 22/24-25 Orientering og saker frå Fotball gruppa v/ Jon Bråtveit**

Haustsesongen i god gang.

G12, G13, G14, J15, M6 senior, 7'ar senior (byn), Suldalsserie frå miniknott til gubbalag.

Det meste av dette går godt, G13 har litt manko på spelarar og er laget som har tøffast motstand av kretsлага. Gubbalaget opplever utfordring med å få nok spelarar, tøff vårsesong har kanskje sløkt gneista hos nokre?

I Suldalsserien jobbar me mot målet om mest mogleg jamnbyrdige oppgjer. Me opplever nokre gonger at det blir i overkant store tap, spesielt på miniknott, lilleputt og gubbakamp. Framleis vera medvitne i vår klubb om prinsippet om jamne kampar i barnefotball.

Utfordring med lys utover hausten. Nytt lys er forseinka frå 15. sept til 7. okt. Har tatt kontakt med Erfjord IL om å få bruka deira bane på J15 9'ar-kampane i haust fram til me får lys. Dei andre kampane håpar me at me greier å avvikle med det gamle lyset på banen mot Låjen.

Skal arrangera Grasrottrenarkurs 4 26.-27. oktober. Då får me mange sertifiserte Grasrottrenarar i idrettslaget.

Same helga skal me arrangera avslutningsrunde for Gubbaserien i Prestavikjo, med tilhøyrande fest i gymsalen på Vinjar skule om kvelden. Arrangementet blei tinga til Samfunnshuset, men me viste storsinn og velvilje til to andre organisasjonar i bygda og flytta til gymsalen under vilkår at me fekk nyta medbrakt alkohol i gymsalen. Dette er innvilga frå skuleeigar ved kommunalsjef oppvekst.

I tillegg til avslutningsrunde for gubbaserien, vil me også invitera til damecup med lag frå grendene. Desse blir også invitert til fest.

Torsdagen etter siste serierunde i Suldalsserien vil me invitera alle 1.-2. klassingane i kommunen til 3'ar-turnering i 3'ar-banane våre. Då kan kanskje kvar grend stilla med lag, og kanskje også reine jente- og gutelag, og reine klasselag.

Førstkommande helg skal 6-12-åringane på cup til Røldal. Helga etter, laurdag 14. sept arrangerer me sjølv Suldalscupen i Prestavikjo med 231 påmeldte spelarar.

Suldalsgutane- og jentene reiser også på cup i haust, til Randaberg og Ølen.

I vår var deler av lilleputt på cup i Etne, noko som var stor suksess. Dette ønskjer me å gjera til ein fast tradisjon, sidan cupen var svært godt arrangert, og det var positivt å overnatta saman som lag. Stor pågang til denne cupen, så ein må sitta klar i det påmeldinga opnar.

Logistikk rundt drakter er eit heilt arbeid, og me jobbar stadig med å få betre system på dette. Nå måtte me kjøpa nye drakter til a-laget, og spesielt desse er det litt utfordrande å få eit godt system rundt. Spelarar bur rundt omkring og møtest berre til kamp, og det er ein del rullering på kven som spelar.

## **Sak 23/24-25 Orientering og saker frå Trimgruppa v/ Gro Fisketjøn**

Me held stiane merka, og prøver å supplera med merkepinar og "skoga" kontinuerligt.

Vinjanuten har Tomas Bakka gjort ein god jobb sidan han arrangerte "Vinjanuten rundt"

Kassen ved Vassbotn er flytta. Står nå ved bord/benken. Snart innsamling av bøker der me får oversikt over antall besøkande på alle postane (1/10)

Dagsturhytta held me ryddig så godt me kan. Fungerer greit, virker som dei fleste forstår at hytta eiges av "alle", og tar eit felles ansvar for dette med å rydde/sopa etter seg. Me tar eit "husavask" når nødvendig. Har fått



innvilga søknad om bord/benker samt uteleiker som skal fykast opp (ein eller anna gong). Dette er det kommunen som har ansvar for. Skal på møte med dei neste veka.

Me har eit godt samarbeid i gruppa der alle gjer ein god innsats.

### **Sak 24/24-25 Orientering og saker frå Økonomigruppa v/ Ranveig Hjorteland**

Det er oppretta ny Vipps slik at varene som blir solgt i kiosken ligg inne med pris. Dette skal forenkla arbeidet for både kjøpar og dei som står i kiosken.

### **Sak 25/24-25 Orientering og saker frå Prosjekt Prestavikjo v/ Jon Bråtveit**

Alle spelemiddelsøknadar som blei sendt inn i vår er godkjent. Det betyr at alle anlegg bortsett frå freesbeegolf er godkjent. Utfordringar rundt likviditet gjer at ein må ta anlegg for anlegg. Eit anlegg må vera ferdig før ein får utbetalt heile støttesummen. Me har spelt inn nokre punkt til kommunen si budsjetthandsaming som me håpar skal hjelpa litt. I tillegg skriv me framleis søknadar om meir støtte. Me har på papiret midlane som skal til på spelemiddelanlegga, men manglar til nokre av dei andre tinga me ønskjer, som til dømes bord, benker, grill, kiosk, lyd, resultatavle, pentanque/boccia, granulatfangar.

3'ar-banar og «Pompeøy» manglar lys for å bli ferdigstilt. Dette skal på plass i haust. Begge desse anlegga er i god bruk.

Tribunen er ferdig og i bruk. Trapp ned til bane kjem når asfaltert turveg står ferdig i haust. Asfaltering på oversida ventar me med til seinare. Det er sådd i gras der arbeidet er ferdig.

I haust er dei store prosjekta å få på plass alt av lys, drenering og kabelgrøfter. Kunstgrasbanen skal få nye master og lys. Mastene blir flytta noko og får nye fundament.

Det blir lagt til rette for lys på alle anlegga som kjem.

Del 1 av asfaltert turveg, som kan brukast til rullleski, skal ferdigstillast i haust. Det blir ein runde som går rundt fotballbanen. Langs langsiden på indre bane, mot aust også over tribunevallen. På kortsiden går vegen opp på gang- og sykkelvegen i nord mot Nuten og på Lågastien i sør. Del 2 håpar me på til neste år, det er frå reinseriet i vest, langs Lågen forbi Statkraft, fotballbane, barnehage, skule og ut på gang- og sykkelvegen ved Vinjarheim.

Anlegg som må venta til neste år blir då Padeltennis, fleirbruksbane, turnbasseng, sandvolleyball, balansepark, pentanque/boccia, del 2 av asfaltert turveg. Så må ein etter dette sjå på benker, bord, grill, kiosk osv.

### **Sak 26/24-25 Innlegg frå Judit ang å bli synlege for almenneita via Sosiale media**

Suldal IL er godt synleg i mange kanalar, noko som er imponerande med tanke på at alt blir gjort på dugnad (!). Dette notatet må kunn bli sett på som eit innspel for å styrke kommunikasjonsarbeidet over tid, for å synleggjere aktivitet og innhald endå betre. Noko som igjen kan gi direkte verdiauke, med tanke på rekruttering av medlemmer/trenarar og sjølvstøtte i dialog med aktuelle sponsorar.

Det er ingen vits i å bite over for mykje i kommunikasjonsarbeidet – det er betre med færre kanalar som fungerer godt /blir oppdatert – enn mange som lir under «venstrehandsarbeid». Difor har eg heller ikkje lagt opp til fleire kanalar her enn dei som allereie blir brukt.

#### **1.**

##### **Kommunikasjonsplan/årshjul**



Dersom ein ikkje allereie har det på plass vil eg rådgi til å lage ein kommunikasjonsplan som også inneheld eit årshjul. I planen kan setje opp ulike målgrupper for kommunikasjonsarbeidet og korleis ein ynskjer å nå desse – kva vil ein oppnå? I årshjulet bør ein vere konkret på kva innhald som må ut til ulike tider – då unngår ein at arrangement eller viktige fokussaker forsvinn, eller kjem brøtt på. Årshjulet kan ein enkelt oppdatere i samband med nytt år/eventuelt årsmøte.

## 2. Nettside

Eg er klar over at de har vore gjennom ein prosess på nettsider, og landa tidlegare på å halde fram med dagens løysing. Noko som sjølvstøtt fungerer godt, eg vil likevel peike på nokre moment ang dagens side som kanskje er utfordrande (og mogleg gjer kommunikasjonsarbeidet unødvendig tungvint)

Den største utfordringa med sida i dag er truleg designet som gir eit litt rotete inntrykk – vanskeleg å orientere seg i. I tillegg kan det for nokre vere litt vanskeleg å legge inn innhaldet på ein god måte, slik at tekst og bilete blir presentert på ein god måte. Det kan også vere utfordrande å dele saker/innhald på ein god måte i sosiale medium (Facebook for dykkar del)

Eg har utfordra ein kollega som jobbar med bygging av nettsider – her er hans tekniske respons (diverre på bokmål)

- Layout og brukervennlighet: Mindre brukervennlig for bredere skjermer med relativt smalt innhold i hovedfelt. Tydelig "gammeldags" side/layout theme, men det blir jo smak og behag. Sida vil nok ikke appellere til yngre målgrupper. Lang scroll på innhold. På mobil vil alt bare stacke og gi veldig lang scroll. Risikerer å miste brukere pga lite brukervennlig og lang scroll.
- Språk: Ikke oversatt "read more" linker.
- SEO: Mangler meta tags, robot txt, alt-attributter m.m. Mye av innholdet kan ikke generes rapport for pga det "eksisterer ikke", sett av en søkemotor. Sida vil nok få gode treff på ord pga den har eksistert lenge med mye innhold som et søkbart, samt linket til fra andre, men Google vil ikke rangere den høgt på bakgrunn av SEO innholdet.
- Tilgjengelighet (UU): Mangler alternative bildetekster for svaksynte, ikke tilstrekkelig kontrastforhold mellom for- og bakgrunnsfarger (gjelder ikke hele men noen steder, knapper, tekster etc). Linker har ikke tydelige beskrivelser. Dårlig strukturert og merket elementer for navigasjon (eks ingen synkende struktur på overskrifter - bruker kun h2 og h4 headinger uten logikk). Ingen synliggjøring av linker ved peker eller tastatur navigasjon.
- Utfyllende vurdering om UU:
- Sida oppfyller ikke krav til universell utforming for det innholdet den har, og siden dette er en side for offentlig/allmennhet er det kanskje største ankepunktet. De kan i værste fall risikere bøtelegging om den havner på radaran. I praksis skjer dette sjelen pga de vil havne langt bak alle de andre sidene som ettergås, men med stadig mer avansert AI er det sikkert mange som jobber med å utvikle metoder der disse kan hjelpe mennesker med arbeidet.

## 3. Facebook (sosiale medium)

I dag er innhaldet i sosiale medium organisert i ulike Facebook-grupper. Gruppene har god medlemsmasse og aktivitet. Grappa til Suldal IL er også offentlig – altså kven som helst kan sjå kven som er medlem, og kva som blir lagt ut. Eg meiner likevel det hadde vore nyttig å opprette ei offentlig Facebook-side med tanke på å bleste innhald mest mogleg.

Nokre argument for å velje Facebook-side framfor Facebook-gruppe:

- Ei side virkar meir open enn ei gruppe. Det er lettare å «like» enn å be om å bli medlem.
- Ei side vil organisere innhald (som bilete) på ein meir strukturert måte. Ei side har også meir fokus på innhald enn gruppe, der ein ofte legg opp til samtalar/diskusjon.
- Sida gir deg moglegheit til å annonsere og bruke betalt marknadsføring, for å auke trafikk, bleste noko spesielt.



- Du kan opprette arrangement som er lettare å spreie rundt enn arrangement som kjem fra gruppe. (mogleg å betale for spreieing av arrangementet på side, det er ikkje mogleg i gruppe)
- Ei side ser meir proft, spesielt med tanke på store prosjekt me er inne i no, og sponsorar mm
- Facebook-side er meir synleg i nettsøk (SEO)
- Gir deg moglegheit til å linke til ein Instagram-konto dersom det blir aktuelt ein gong. (god kanal for visuelt innhald, filmar og bilete – og gjerne yngre rekruttering)
- På FB-side må ein få tilgang for å legge ut - og då legg ein ikkje ut som eigen person, men som logoen/idrettslaget. Meir formelt. Ein bør halde på iallefall gruppene itl undergruppene - for å ha ein plass å ha intern dialog mellom medlemmer - type: har nokon ski å selje, eller hugs dugnaden. Mykje av dette innhaldet kan og passe på sida, men då retta utover og ikkje innover i organsisasjonen. Viss ein vel å halde gruppene til intern prat kan ein og lukke dei slik at ikkje innhaldet blir offentleg for alle.

#### 4. Innhald

Eg tenkjer produksjon av innhald er noko som avgrensar seg litt sjølv. Dette er basert på dugnad og det vil vere avgrensa kva ein klarer å produsere rett og slett.

Når det er sagt så trur eg at ein kan få mykje ut av det innhaldet ein har – via gjenbruk på flater -og tilpasse bilde/filmar og tekstar på ulike stadar. Det er og godt mogleg at ein kunne tenkt seg ein viss presentasjon av hovudsponsorar på nettside/Facebook årleg – då som ei «redaksjonell» sak – der sponsoren gjerne kan seie noko om kvifor dei støttar mm. Men: det viktigaste er at ein ikkje tyner dugnadsgjengen meir enn ein treng her.

Eit anna poeng her er godkjenning til bruk av bilete mm – her kunne ein nok fått på plass ein godkjenningsprosess som gjorde det enklare, slik at ein ikkje må hente inn løyve for kvar sak mm.

#### 5. PR/mediekontakt

Me er avhengig av lokalmedia for å bleste saker og aktivitet, noko som og legg grunnlaget for auka rekruttering og sponsorstøtte. Det vil alltid vere vanskeleg å få media til å møte på arrangement ol – men ein kan gjere mykje godt PR-arbeid. Mine innspel her:

- Ring media/send kort pressemelding i forkant av arrangement – ein tener på dette i lengda uansett kva ein får ut av det.
- Tenk PR på saker som ikkje er arrangement-kopla. Spesielt dette som no tar form i Prestavikjo er ei kjempegod sak, og då ikkje berre for lokalmedia – men i høgste grad også regionale medium
- Det har blitt ein auka bruk av å sende inn referat etter arrangement. Eg trur og meiner det er betre å formulere dette som pressemeldingar, der me viser til tekst, direkte sitat og bilete. Dette gir ei anna form i mediebiletet. Det gir eit anna inntrykk når ein journalist har behandla ei pressemelding til trykk enn når ei engasjert mor eller far skriv referat. MEN – når det er sagt: for mange lesarar merkar dei nok ikkje skilnaden, men får berre med seg innhaldet.
- 

**Konklusjon: Mykje godt og imponerende arbeid! Innspela her treng ikkje legge grunnlaget for endring, men greitt å jobbe seg gjennom i styresamheng.**

**Sak 27/24-25 Innandørs hall i Ryfylke «Strategisk viktige idrettsanlegg»**

Gjennomgang av relevant frå RIKSberetning 2022/23, info i strategiske viktige idretts saker, legg til 5 mailar og skriv (Draumen om fotballhall på Suldalsosen) frå Neri ang Riksberetning som er vedtatt på Rogaland Idrettskretsting april 2024 der det er lagt inn innandørs hall i Ryfylke.

-Styret er enige, og ønskjer å støtte Neri i at hallen bør plasserast på Suldalsosen. Det er samstundes viktig å poengtere at idrettslaget ikkje ønskjer å stå for verken bygging eller drifta av hallen.



#### **Sak 28/24-25 Ymse**

- Status Politi attester  
Tom jobbar saman med gruppeleiarar for å sikre at alle trenarar har framvist politiattest. Tom oppdaterer Klubbadmin slik at me får loggført dette.
- Kommet eit spørsmål om er moglegheit for ha Line dans i Foajé/gymsal 1 Måndag i Mnd, Korleis Suldal il stiller seg til dette?
  - o Linedance blir gjennomført via Revmatikarlaget i Sauda/Suldal. Dei får låne foajeen og alle Suldal IL sine medlemmer får delta.

Neste møte onsdag 13.11. klokka 19.00 på personalrommet Vinjar skule.